

*Pressemelding 19. august 2009:*  
**Seremoni for Norges Nasjonalbåt**

17. august 2009 vart det klart at Oselvaren vann Redningsselskapet si kåring av Norges Nasjonalbåt. Fredag 21. august kl. 12.00 vert det offisiell seremoni og overrekking med lett servering i Oselvarnaustet på Os. Tilstades er mange gode krefter frå Oselvarmiljøet, Os kommune v/ordførar, Hordaland Fylkeskommune v/fylkesordførar, Redningsselskapet og statsekretær ved statsministerens kontor Per J. Jordal. Media vert med dette invitert. Seremonien vert avslutta om lag kl. 1400.

Oselvarlaget, Oselvarklubben, Os Båtbyggjarlag og Oselvarverkstaden ynskjer å takke alle som har stemt på Oselvaren. Det er svært gledeleg å sjå at folk langt utanfor Os, Hordaland og Vestlandet har engasjert seg for Oselvaren i kåringa. Oselvarmiljøet vonar at dette engasjementet kan brukast til beste alle tradisjonsbåtar, både nasjonalt og internasjonalt. Ein tittel som Norges Nasjonalbåt er ei stor ære, men stiller òg krav. Oselvarmiljøet lovar difor å gjera vårt beste for å visa oss tilliten verdig gjennom å arbeida for betre kår for denne kulturarva, som framleis er merkeleg lite påakta i Noreg. Oselvarmiljøet vonar at denne tildelinga kan vera med å styrkja det båtfaglege samarbeidet mellom ulike tradisjonsbåtmiljø, slik at me alle kan læra av kvarandre, få fram meir av variasjonsrikdomen og gje båten den plassen han fortener i kulturhistoria.

**Litt om Oselvaren**

Oselvar er ein tradisjonell klinkbygd trebåt frå Hordaland. Båttypen har vakse fram etter ei utvikling som strekkjer seg over fleire tusen år, til dømes viser båttypen tydelege likskapstrekk med arkeologiske funn frå Mangersnes (ca. år 0), Halsnøybåten (ca. år 300 e. Kr.) og Gokstadfæingen (ca. 900 e. Kr.). Gjennom fleire hundre år, frå i alle fall 1500-1860 har båttypen vore eksportvare til Shetland og Orknøyane. Omgrepet Oselvar stammar frå ca. 1750 etter at to båtbyggjarar hadde verkstaden sin ved utløpet av Oselva. Langt inn på 1900-talet er båttypen vanlegaste bruksbåten langs store delar av Vestlandskysten med størst konsentrasjon i Hordaland. Oselvaren vert bygd etter eit unikt system som gjer at båtbyggjaren kan tilpassa båten sine eigenskapar nøyaktig etter kunden sine krav. Båttypen vert framleis bygd av båtbyggjarar som meistrar denne byggjemåten fullt ut og dagens båtbyggjarar driv òg vidareutvikling av båten. Oselvaren er rovenleg, seglvenleg, sjødyktig, lethandterleg, trallbar og miljøvenleg. Sidan 1847 har båttypen vore nytt til organisert kappsegling og sidan 1871 til organisert kappsegling. Begge desse sportstradisjonane har ført med seg vidareutvikling av båttypen. Oselvaren har i fleire tiår hatt offisielle Norgesmesterskap i kappsegling. Attåt sportsbruken er båten mykje nytt som fritidsbåt og er dessutan å finna på ei rekke museum, både i Noreg og i utlandet. Gjennom mange tiår har det vore utført eit stort redningsarbeid for å ta vare på Oselvaren gjennom mellom anna dokumentasjonsprosjekt, båtbyggjarkurs, oppmålingsarbeid, filmar og restaurasjonsarbeid. I 1997 opna Oselvarverkstaden for å driva opplæring av nye båtbyggjarar og vil snart utvida verksemda for å bli eit av dei første Economusea i Europa.



Oselvarlaget



Oselvarklubben



Oselvar



Oselvarverkstaden

Os Båtbyggjarlag

Oselvarverkstaden

[www.oselvar.no](http://www.oselvar.no)

Spørsmål kan rettast til Kjell Magnus Økland [kjellmag@gmail.com](mailto:kjellmag@gmail.com) 95 04 67 39